



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Åndalsnes
Dato:	11.06.2026
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Program for styresamling 10. - 11. juni

Onsdag 10. juni

11.00: Oppmøte ved Circle K Bjorli (der får dere lunsj og drikke til bilturen). Ta med egen kaffe om dere trenger det.

Biltur til Brøstdalen (Romsdalen Ivo). Vi stopper ved de ulike informasjonspunktene som må fornyes.

14.00: Sagelva kraftsenter. Her får dere servert suppe og en omvisning ved Knut Brøste.

15.00: Sagelva kraftsenter. Møte om forvaltningsplan som gjelder Brøstdalen og Vermedalen. Vi har inviterer grunneiere og bygdafolk til innspillsmøte.

17.30 : Tur til Eiafossen ved Trollveggen (ca 1,5 km i lett terreng).

18.30: Innlosjering på Grand Hotel

19.30: Middag ved Grand Hotel

Torsdag 11. juni

Frokost på Hotellet og utsjekk.

09.00: Styremøte

12.00: Lunsj

13.00: Tur ved Trollstigfoten (ca 2 km) (Trollstigen Ivo og innfallsport) på Kløvstien og hjemreise.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 23/2026	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 24/2026	Orienteringar		
ST 25/2026	Referatsaker		
	Referat – møte om bygningar ved Tordsvatnet		2026/4358
	Rapport 2026 - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Lordalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA		2025/10780
ST 26/2026	Delegerte saker		
DS 42/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - bruk av drone og kløvhest - 2026 - 2028 - innsamling av brearkeologiske funn - Innlandet fylkeskommune		2026/5441
DS 43/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Skjåk - Lom - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Geir Tommy Keiseraas		2026/3276
DS 44/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Skjåk - Lom - Torsvatnet - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Ove Jon Plassen		2026/3672
DS 45/2026	Delegert sak - Finndalen LVO - dispensasjon - 2026 - uttak av lausmasser i Lauva sitt utløp i Finna - vegvedlikehald - Finndalsvegen SA		2026/6547
DS 46/2026	Delegert sak - Romsdalen LVO - Rauma - Tunga - motorferdsel - 2026 - bil - frakt av bruelement - DNT Sunnmøre		2026/6256
DS 47/2026	Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - Tafjordsætra - motorferdsel - 2026 - ATV - el-sykkel - Britt Walle		2026/5184
DS 48/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - Torsvatnet - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - garnfiske - Odd Jostein Bøhle		2026/5186
ST 27/2026	Reinheimen NP - Ottadalen LVO -dispensasjon - 2026 - 2029 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning		2026/6337
ST 28/2026	Reinheimen NP - Rauma 83/15 - Hånådalen - byggetiltak - 2026 - ny pipe - solcelle - mindre fasadeendring - Olov Belander - Cathrine Reimers		2026/5886
ST 29/2026	Reinheimen NP - Tafjorden Reindalen lvo - Romsdalen lvo - motorisert ferdsel - helikopter - 2026 - DNT Sunnmøre		2026/6383

ST 30/2026	Vermedalen NR - dispensasjon - 2026 - rydding av sti - Andrine Kylling	2025/13583
ST 31/2026	Ottadalen LVO - Lom - Søre Lia - 2026 - taksering av rype - Lom fjellstyre	2026/6578
ST 32/2026	Høringsinnspel - Fjord - Fetegga pumpestasjon - Tafjordvassdraget - Tafjord Kraftproduksjon AS	2026/6388

ST 23/2026 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
ST 24/2026 Orienteringar
ST 25/2026 Referatsaker
Referat – møte om bygningar ved Tordsvatnet
Rapport 2026 - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Lordalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA
ST 26/2026 Delegerte saker
DS 42/2026 Delegert sak - Reinheimen NP - bruk av drone og kløvhest - 2026 - 2028 - innsamling av brearkeologiske funn - Innlandet fylkeskommune 2026/5441
DS 43/2026 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Skjåk - Lom - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Geir Tommy Keiseraas 2026/3276
DS 44/2026 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Skjåk - Lom - Torsvatnet - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - Ove Jon Plassen 2026/3672
DS 45/2026 Delegert sak - Finndalen LVO - dispensasjon - 2026 - uttak av lausmasser i Lauva sitt utløp i Finna - vegvedlikehald - Finndalsvegen SA 2026/6547
DS 46/2026 Delegert sak - Romsdalen LVO - Rauma - Tunga - motorferdsel - 2026 - bil - frakt av bruelement - DNT Sunnmøre 2026/6256
DS 47/2026 Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - Tafjordsætra - motorferdsel - 2026 - ATV - el-sykkel - Britt Walle 2026/5184
DS 48/2026 Delegert sak - Reinheimen NP - Torsvatnet - Leirungsvatnet - motorferdsel - 2026 - 2030 - motorbåt - garnfiske - Odd Jostein Bøhle 2026/5186



Arkivsaksnummer: 2026/6337-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	27/2026	11.06.2026

Reinheimen NP - Ottadalen LVO -dispensasjon - 2026 - 2029 - utsetting av fisk - Skjåk Almenning

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3, a), og Ottadalen landskapsvernområde § 3, 3.1., får Skjåk Almenning dispensasjon til å sette ut fisk, aure frå A/S Vågåfisk, i fiskevatn der det er gjort tidlegare, jf. vedlegg 7 i forvaltningsplan.

Dispensasjon er gjort med følgjande vilkår:

- Fiskeutsetting gjeld for 5 år, f.o.m. 2026 t.o.m. 2030.
- Skjåk Almenning skal følgje instruksar og vilkår for fiskeutsetjing, gjeve av fylkesmannen i Oppland 14.05.2003. (tidlegare ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk).
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal ha tilsendt ein årleg rapport om fiskeutsettinga innan 31.desember kvart år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Skjåk Almenning, datert 22.01.21
- Rapport for fiskeutsetting 2025, frå Skjåk Alm.
- Tillatelse til utsetting av aure i Skjåk Almenning, Fylkesmannen i Oppland, 14.05.2003
- Forvaltningsplan for Reinheimen – Vedlegg 7

Saksopplysningar

Søknaden

Skjåk Almenning søker om å fornye sin dispensasjon til å sette ut fisk i vatn jf. dispensasjon behandla i nasjonalparkstyret 12.03.2021, i sak 22/2021.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

villmarkspreget fjellområde, og eit høg fjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald, der mellom anna vassdragsnaturen er ein del av verneføremålet.

Etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, er utsetting av fisk forbode, men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetting av fisk frå lokale stammar der dette er gjort tidlegare, jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 3.3, a).

I landskapsvernområda er fiskeutsetjing regulert som i nasjonalparken, jf. § 3, pkt. 3.1.

Forvaltningsplan

I Forvaltningsplan for Reinheimen, s. 148 står følgjande: «*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til utsetting av fisk med opphav i lokale stammar i vatn der det tidlegare er sett ut fisk. Ei liste over desse vatna følgjer som vedlegg til planen (vedlegg 7).*»

[Vedlegg 7](#)

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan og naturmangfaldlova § 48 må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljøretslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Vurdering

Skjåk Almenning søker om å fornye dispensasjon til å sette ut fisk i vatn der det tidlegare er sett ut fisk innafor Skjåk Almenning, i Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen landskapsvernområde. Føresetnadar vil vera at ein nyttar lokale fiskestammar og rapporterer utsettinga til nasjonalparkforvaltaren ved årsslutt kvart år. I 2025 ble det sett ut fisk i Aukarsvatnet, Kroketejønn og Øyberget søndre og vestre.

I vedlegg 7 (tabell under) til forvaltningsplan for Reinheimen er det sett ut fisk i følgjande 61 vatn, innafor Skjåk Almenning og i verneområdet:

Skjåk allmenning (Skjåk)				
Det er sett ut fisk i alle vatn i Skjåk lista er derfor ikkje uttommande				
Ottavassdraget				
Leirungsvatn 1370	4737	68710	Tj. sør for Rogneberggtj. 1426	4439 68818
Enkeltjønn 1375	4723	68722	Tj. i Skarvedalen 1461	4466 68846
Sevaldtj. (Tvillingtj.) 1376	4721	68726	Tj. i Skarvedalen 1555	4479 68846
Hornungen 1621	4711	68683	Tj. i Skarvedalen 1486	4482 68817
Aukarsvatn 1258	4612	68707	Tj. i Skarvedalen 1520	4484 68807
St. Ulejtj. (Filleutla) 1360	4714	68714	Tj. i Skarvedalen 1538	4498 68810
Utlejønn 1360	4706	68723	Langvass-slagån 1435	4409 68821
Mehorojønn 1346	4627	68728	Steinsgårdslofte 1344	4362 68787
Mjelakolotjønn 1300	4577	68713	Steinsgårdslofte 1325	4365 68792
Afljønn 1372	4574	68722	Langvass-slagån 1432	4405 68822
Øyberget søndre	4515	68667	Tordsvatn 1336	4387 68913
Øyberget østre 1167	4520	68669	Dorvatn 1502	4452 68861
Tjerngrovtjønn 1214	4560	68681	Dorvtjønn midtre 1451	4449 68872
Kroketejønn 1338	4544	68709	Storvatn 1495	4482 68901
Styggedalsvatn 1407	4322	68476	Bollvatn 1497	4436 68895
Øyberget vestre	4511	68671	Spongvatn 1514	4456 68914
Kyrketjønn	4434	68730	Tjønn v. Spongvatn 1528	4478 68922
Stamåtjønnene	4515	68738	Styggedalsvatn 1427	4305 68879
Foystj. (Blåberggtj.) 1470	4467	68836	Loravassdraget	
Dorkampjønn 1555	4480	68846	Jelanstjønn 1311	4658 68717
Stamåhjølet 1590	4499	68785	Boberggtj. Sævråhaug 1446	4598 68737
Stamåtjønnene 1325	4509	68739	Lortjønn 1. vatn 1320	4558 68722
Kvernåttjønn 1187	4446	68730	Lortjønn 2. vatn 1315	4558 68727
Kvernåttjønn 1268	4460	68737	Lortj. 3. vatn (Storti) 1314	4560 68737
Stamåtjønnene 1322	4496	68739	Lortjønn 4. vatn 1312	4562 68746
Kvernåttjønn 1369	4478	68753	Tafjordvassdraget	
Kvernåttjønn	4442	68742	Karløyfte 1464	4359 68925
Skarvedalsjønn 1548	4509	68812	Veltlortjønn 1458	4350 68936
Langvatnet 1422	4420	68830	Kupevatn 1296	4372 68869
Rogneberggtjønn 1484	4442	68827	Fieldfarejønn	4325 68931
			Viavatn fremste 1000	4171 68846
			Raumavassdraget	
			Sore Glupen 1556	4448 68928
			Grønevatn 1456	4457 68944

Gjeldande reglar for utsetting av fisk er også vurdert gjennom løyvet gjeve av fylkesmannen i Oppland, som i 2003 hadde ansvar for forvaltning av innlandsfisk. Fylkesmannen i Oppland har i brev frå 14.05.2003 gjeve Skjåk Almenning løyve til å sette ut aure (*Salmo trutta*) i ei rekke fiskevatn i Skjåk Almenning. Løyvet frå fylkesmannen i Oppland er gjeve med heimel i lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 9, jf. forskrift om utsetting av fisk og andre

ferskvannsorganismer §§2 og 5. I løyvet frå fylkesmannen er det mellom anna sett følgjande vilkår:

«- settefisk skal vera produsert ved A/S Vågåfisk.

- det skal nyttas settefisk av stamme frå same hovudvassdrag som utsettingslokaliteten.

- tiltakshavar vel sjølv utsettingsmengde, settefiskstørrelse og utsettingstid.

- det er en forutsetning at fleirtalet av de fiskeberettigede i utsettingslokaliteten(e) samtykker i utsettinga.

- fiskeutsettinga skal rapporterast årleg til ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk, innan 31.12.»

Løyvet frå fylkesmannen gjeld f.o.m. 2003, og inntil vidare så lenge rapporteringsplikta vert overhalde. Det vert gjort merksam på at det er Innlandet Fylkeskommune som har overtatt ansvar for forvaltning av innlandsfisk, og rapportering om fiskeutsetting skal rettast dit.

Det er god kunnskap om området og vassdraget det gjeld, gjennom kartlegging og registrering som er gjort i samband med verneplan for Reinheimen, og i naturbasen.

I Reinheimen er aure einaste fiskearten, med unntak av røye som finst i Røytjønn i Lesja. Sidan det tidlegare er satt ut fisk i fiskevatn innafor Skjåk Almenning, lista opp i vedlegg til forvaltningsplan, er det aksept for ei fornying av dispensasjon til fiskeutsetjing. Tiltaket har lange tradisjonar og vil ikkje føre til skade på naturmangfaldet så lenge ein følgjer instruksjer gjeve av ansvarleg for forvaltning av innlandsfisk i Oppland/Innlandet. Tiltaket oppfyller vilkår gjeve i verneforskrifta, og dispensasjon til utsetting av fisk i verneområdet kan fornyast.

For utkøyring av settefisk til fiskevatna med snøscooter, blir det vist til delegert vedtak i sak 2025/10311, der Skjåk Almenning har fått dispensasjon til motorferdsel på snødekt mark for 2025-2030. Transport for fiskeutsetting skal samordnast med tilsyn og varetransport til almenningshytter.



Arkivsaksnummer: 2026/5886-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	28/2026	11.06.2026

Reinheimen NP - Rauma 83/15 - Hånådalen - byggetiltak - 2026 - ny pipe - solcelle - mindre fasadeendring - Olov Belander - Cathrine Reimers

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Olov Belander og Cathrine Reimers dispensasjon til mindre fasadeendring på si private hytte med gnr/bnr 83/15 i Hånådalen i Reinheimen nasjonalpark.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Eksisterande pipe kan rivast og erstattast med ny pipe.
- Storleik og gjennomføring av pipeskifte skal vere som skildra i saksutgreiinga.
- Arbeidet skal avgrensast til eksisterande bygningskropp og ikkje medføre inngrep eller forsøpling i terreng eller vegetasjon.
- Eksisterande solcelleanlegg som allereie er montert på taket kan behaldast.
- Ved eventuell utskifting av eksisterande solcellepanel skal nytt solcellepanel ikkje overstige ein storleik på 2 m².
- Tiltaket inkludert opprydding skal være gjennomført innan 31.12 2027.

Det blir gjort merksam på at SNO vil kunne kontrollere at tiltaket er gjennomført i trå med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om fasadeendring på e-post 11.05.2026
- Tilleggsopplysningar frå søkjar vedr. solcelle på e-post 01.06.2026

Saksopplysningar

Merknad: Søkjarane kjøpte hytta for nokre år tilbake og då var det ei solcelle på taket. Då forvaltar så bilete av solcella på søknaden om fasadeendring gav forvaltar beskjed om at denne også måtte søkjast om.

Søknaden

Det er søkt om løyve til utskifting av eksisterande omn, peis og pipe i ei hytte på gnr/bnr 83/15 i Hånådalen ved Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Tiltaket omfattar riving av eksisterande peis og pipe, og etablering av ny vedovn og ny pipe. Utskiftinga fører til ei mindre fasadeendring.

Bakgrunnen for tiltaket er at eksisterande anlegg frå 1960-talet er i dårleg stand og vurdert som brannfarleg og lite funksjonelt. Søkar ønskjer å installere ein moderne, reintbrennande omn for å betre brannsikkerheita, redusere utslepp og oppnå betre inn klima.

Den nye pipa vil vere vesentleg mindre enn dagens pipe og ha meir diskret utforming. Takinndekning og pipe vil bli utført i mørk farge og tilpassa eksisterande bygg.

Tiltaket skal gjennomførast innanfor eksisterande bygningskropp utan inngrep i terreng eller vegetasjon. Materialar vil i hovudsak bli gjenbrukt eller frakta ut av området for godkjend handtering. Transport er omsøkt og innvilga i eiga sak.






Arbeidet er planlagt gjennomført i august–september 2026, og vil bli utført av fagkyndige handverkarar. Søkar har vore i dialog med kommunen og vil sende inn søknad etter plan- og bygningslova.


I tillegg er det søkt om å få behalde eksisterande solcelleanlegg på taket.

Vedlegg 1– Plassering av hytta

Blå pil og stippet sirkel viser plassering av hytten.







Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3 Vernereglar

- 1.1. Området er verna mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av bygningar, tilbygg, gjerde, anlegg og andre varige eller mellombelse innretningar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral eller fossil, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, nyplanting, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, merking av stiar og løyper o.l. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Fasadeendring og solcelle på taket er ikkje nemnd som eit av tiltaka det kan gjevast løyve til etter søknad i verneforskrifta.

Forvaltningsplan

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Tiltaket ligg innanfor Reinheimen nasjonalpark og er i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrifta. Søknaden må difor vurderast etter naturmangfaldlova § 48.

Det er søkt om utskifting av eksisterande omn og pipe i ei fritidsbustad, samt etablering av ny pipe med noko endra utforming. Dette medfører ei mindre fasadeendring.

Den nye pipa vil vere mindre enn eksisterande pipe, ha eit meir diskret uttrykk og vere tilpassa dagens byggeskikk. Tiltaket skal gjennomførast innanfor eksisterande bygning og krev ikkje nye inngrep i terreng eller vegetasjon.

Det er også søkt om å få behalde eksisterande solcelleanlegg. Søkjarane kjøpte hytta for nokre år sidan, og då var det ei solcelle på taket. Då forvaltar såg bilete av solcella i søknaden, vart det gitt beskjed om at dette tiltaket også måtte omsøkjast.

Tiltaket må vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

Tiltaket er godt opplyst gjennom søknaden. Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området. Gjennom Naturbase ligg det føre god oversikt over verdiar knytt til landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er ikkje vurdert som nødvendig å nytte føre-var-prinsippet (§ 9).

Det er få private hytter i dette området av nasjonalparken, og presedensverknaden vert vurdert som liten. Hytta ligg i skog, og solcelle på taket vil difor ikkje vere til sjenanse i landskapsbiletet, jf. § 10 (samla belastning).

§ 11 (kostnader ved miljøskade) vert vurdert som lite relevant, då tiltaket ikkje medfører miljøskade.

Bruk av moderne omn og pipe gir lågare utslepp og betre brannsikkerheit, noko som vert vurdert som positivt, jf. § 12 (miljøforsvarlege teknikkar).

Ny pipe og ei lita solcelle vil ikkje endre landskapskarakteren nemneverdig. Arbeidet er avgrensa i tid og omfang, skjer ved eksisterande hytte og belastninga på verneområdet vert vurdert som forbigåande og akseptabel.



Arkivsaksnummer: 2026/6383-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	29/2026	11.06.2026

Reinheimen NP - Tafjorden Reindalen Ivo - Romsdalen Ivo - motorisert ferdsel - helikopter - 2026 - DNT Sunnmøre

Innstilling frå forvaltar

Helikopter

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen LVO § 3, pkt.5.3, b) og Reinheimen NP § 3, pkt.6.3, b), får DNT Sunnmøre dispensasjon til nødvendig varetransport i 2026 med helikopter.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld transport til hyttene Vakkerstøyle, Pyttbua og Tjønnebu i Reinheimen nasjonalpark.
- Det kan gjennomførast inntil 20 flyingar med landing etter 25. juni.
- Transporten skal avgrensast til det som er nødvendig for drift av hyttene og ved å nytte kortast mogleg trase: Flygetrase: Horgheimsætra/Tunga til Pyttbua og Vakkerstøyle. Valldalen via Grønningsæter til Tjønnebu.
- Dispensasjon for helikopter gjeld under hovudtransporten juni/juli etter 25. juni, og om nødvendig ved supplering i løpet av sommarsesongen.
- Statens naturoppsyn (tlf: 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før køyring. Om det blir opplyst om villrein i traseen skal flyginga utsettast.
- Søkjar skal sørge for at piloten har fått ein kopi av dispensasjonen. Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen.
- Søkjar skal sende inn køyrerapport til nasjonalparkforvaltninga innan 31.12 2026.

Bil

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen landskapsvernområde § 3 pkt. 5.3, d) får DNT Sunnmøre løyve til motorisert ferdsel med bil på veg frå parkeringsplassen ved Tunga til Ulvådalsvatnet, for nødvendig transport av båt, materialer og utstyr til Vakkerstøyle.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for 2 turar for 2026.
- Utfylt køyrebok og dispensasjon skal vera med på turen og skal visast i frontruta når bilen står parkert.
- Ved vatnet kan ein berre stå parkert i 3 dagar i samband med køyring av utstyr til båt.
- Utfylt køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 31.12.

Motorbåt

Med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3, bokstav f), får DNT Sunnmøre dispensasjon til å bruke motorbåt på Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark i samband med transport av varer og materiell til hytta si.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for inntil 4 turar med båt for 2026 for transport av varer og utstyr til hytta.
- Motorstyrka skal ikkje overstige 10 hk.
- Løyvet skal tas med på turen.
- Det skal visast særleg stor aktsemd for fuglelivet, spesielt våtmarksfugl, for å unngå at fuglar vert skada og fortyrra. Dersom det er «bifangst» av dykkender i forbindelse med garnfiske, skal det rapporterast til nasjonalparkforvaltar, på e-post.

Vi oppmodar til bruk av lydlaus el-motor.

Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Ta spesielt omsyn til villrein og rovfugl.

Vi gjer merksam på at det må innhentast eventuelle nødvendige løyve til motorferdsel frå kommunen og grunneigar, jf. «Lov om motorferdsel i utmark» og lokal forskrift.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå DNT Sunnmøre på e-post 14.04.2026.

Supplerande opplysningar på e-post 28.05.2026

Saksopplysningar

Søknaden

DNT Sunnmøre søker om fornying av løyve til bruk av helikopter, bil og båt i samband med drift av fleire turisthytter i Reinheimen nasjonalpark og tilgrensande verneområde for perioden 2026–2030. Søknaden omfattar ei vidareføring av tidlegare løyve frå 2016 og 2021–2025 der det vart gitt 40 turar i året, men med ønskje om å auke talet på helikopterlandingar.


Hyttene det gjeld er Vakkerstøylen, Pyttbua og Tjønnebu i nasjonalparken, samt Reindalseter og Jakobselet i landskapsvernområde. Hyttene har stor bruk, med om lag 5400 overnattingar i 2025, og DNT peikar på at motorisert transport er nødvendig for forsvarleg drift.

DNT opplyser at transportbehovet har auka noko, særleg som følgje av strengare krav til avfallshandtering, sortering og drift av toalettløysingar. I 2025 vart det gjennomført om lag 50 landingar, noko som overstig tidlegare løyve. Dei understrekar at transporten er knytt til nødvendig drift, ikkje turkøyring.

Søklar erkjenner også at kjørebok ikkje er ført og sendt inn for 2025, og vil etablere betre rutinar for dokumentasjon framover.

Transporten er planlagt samla i hovudsaklege flygingar, med hovudtransport før sankthans og eventuelle supplerande turar ved behov. DNT opplyser at dei vil redusere motorferdsla så langt som mogleg, samordne transport og ta omsyn til villrein ved å rådføre seg med Statens naturoppsyn før flyging.

Søknaden gjeld berre ordinær drift av hyttene, medan større vedlikehaldstiltak vil bli omsøkt separat.



Figur 1: Kartet syner dei tre DNT hyttene som treng tillatelse og trase for frakt med helikoter. Vakkerstøylen får og transportert varer vha bil og båt. Skravert område på kartet syner viktige villreinområder (Naturbase.no).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Søknaden er vurdert i samsvar med:

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forskrift for Romsdalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010 - Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet*
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart*
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv*
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Omsynet til verneverdiane i området er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1, 4 og 5 samt § 7, jf. § § 8-12.

All motorisert ferdsel i Reinheimen NP, Romsdalen LVO og Tafjorden-Reindalen LVO og er i utgangspunktet forbode.

Vernereglane i Reinheimen NP opnar i §3, pkt. 6.3 for at det kan gjevast løyve til: *b) bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte trasear eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt. f) bruk av båt med motor på Ulvådalsvatnet og Leirungsvatnet i samband med fiske, materialtransport og organisert tilsyn av beitedyr.*

Vernereglane i Romsdalen LVO opnar i § 3, pkt. 5.3 for at det kan gjevast løyve til: *b) nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte trasear eller ved lufttransport. d) nødvendig bruk av bil eller traktor på barmark etter kartfesta/særskilt nemnte eksisterande køyrespor/traktorveggar for transport av materialar, brensel og utstyr til hytter, buer og setrer. Køyrespora/traktorvegane skal framgå av forvaltningsplanen.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen (mars 2010) presiserer og utdjupar verneforskriftene. I forvaltningsplan på s. 48, s.64 og s. 98 går det fram av retningslinene at det normalt kan gjevast løyve for inntil tre turar i lufta, tre turar på barmark (over Tunga) og 10 turar på vatn (Ulvådalsvatnet).

Det skal førast køyrebok som skal sendast forvaltningsstyresmakta innan 5. juni kvart år. For kjende, faste transportmål kan det gjevast fleirårig løyve for inntil 5 år med avgrensing på tal turar.

I forvaltningsplanen er det poengtert at motorisert ferdsel i utmark i verneområda skal haldast på eit nødvendig minimum, og transporten skal ha eit klart nytteformål. Motorisert ferdsel som har preg av turkøyring skal ikkje skje. Når det gjeld barmarkskøyring i Romsdalen lvo, § 3, pkt. 5.3 d), står det i forvaltningsplan at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve langs etablerte veggar og eksisterande køyrespor, innafor parkeringsplassen på Tunga.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Verneverdiane i Reinheimen nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområde er i stor grad knytt til naturverdiar. Motorferdsel kan ha negativ verknad på dyreliv, særleg i sårbare fasar som kalving og hekking. Rovfugl og villrein er spesielt utsette, og i tillegg kan støy frå motorisert ferdsel redusere opplevingskvaliteten for friluftslivet.

Søkjjar har eit alminneleg behov for transport til turistforeiningshyttene, og slik transport kan det etter verneforskriftene givast løyve til når det er nødvendig for drift. Det viser seg at transportomfanget det siste året har vore høgare enn rammene i tidlegare løyve, og vi manglar dokumentasjon frå dei føregåande åra. Det er opplyst at det i 2025 vart gjennomført om lag 50 flygingar, og at kjørebøker ikkje er førte og oversendte slik som sett i vilkåra. Forvaltninga ser alvorleg på dette, særleg med tanke på at dette gjeld ein sentral aktør i verneområdet som DNT Sunnmøre er. På bakgrunn av manglande dokumentasjon og behov for betre oversikt vert det difor berre gitt løyve for 2026 (ikkje fleirårleg løyve som omsøkt), slik at ny dagleg leiar i DNT Sunnmøre får høve til å etablere tilfredsstillande rutinar og skaffe oversikt over det reelle transportbehovet og søke på nytt neste år.

Reindalseter ligg i landskapsvernområdet og har landingsforbod men ikkje lavtflygingsforbod. Transport til denne hytta kan i hovudsak gjennomførast ved bruk av langline, og det er difor ikkje behov for landingstillating her.

Villrein er ein sentral del av verneføremålet i Reinheimen. Dei siste åra har villreinen i aukande grad teke i bruk dei nordvestlege delane av området som sommarbeite, etter at området har vore lite nytta i over 30 år. Dette er ei positiv utvikling som det er særleg viktig å ta omsyn til. Dei siste somrane er det observert villrein i området nær Pyttbua og i år har villreinen kommet til dette området allereie før påske. Helikoptertrafikk i desse områda, særleg ved Vakkerstøylen og Pyttbua, kan føre til forstyrning og i verste fall skremme villreinen bort frå viktige beiteområde. Tilsvarande gjeld for Tjønnebu, der trafikk kan påverke Trollstigreinen. Omsynet til villrein tilseier difor at talet på flygingar må haldast på eit lågast mogleg nivå.

Tiltaket er vurdert etter dei miljørechtslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilstrekkeleg, mellom anna gjennom naturbase og forvaltningsplan og kvalitetsnorm for villrein, som gir god oversikt over naturverdiar og villreinbruk. Ved å kontakte Statens naturoppsyn i forkant av flygingar kan ein unngå område der villrein oppheld seg. Kunnskapsgrunnlaget vurderast til å vere god, så det er ikkje nødvendig å nytte føre-var-prinsippet etter § 9.

Motorferdsel i området er avgrensa, men helikoptertrafikk representerer ei belastning som kjem i tillegg til anna ferdsel. Av omsyn til villrein må den samla belastninga haldast låg jmf § 10 (samla belastning).

§ 11 (kostnader ved miljøskade) vert vurdert til å ikkje vere relevant.

Helikopter er i dette tilfellet ein fornuftig transportmåte for å frakte store mengder, men bruken må avgrensast til eit minimum jmf § 12 (miljøforsvarlege teknikkar).

Transporten er knytt til nødvendig drift av hyttene. Samstundes tilseier omsynet til villrein, manglande dokumentasjon frå førre periode og behovet for betre oversikt at det ikkje er forsvarleg å innvilge omsøkt tal flygingar. Ved å redusere talet på turar og samle transporten mest mogleg, kan belastninga for verneverdiane haldast på eit akseptabelt nivå.

Transporten er nødvendig for drift av eksisterande turisthytter, men omsynet til villrein og kravet om at motorferdsel skal haldast på eit minimum tilseier ei vesentleg avgrensing av tal turar. Etter stortingsmeldinga om villrein har forvaltninga stramma inn på motorferdselløyve, og det er viktig at også DNT bidreg til å redusere den samla belastninga i området. I 2025

vart det gjennomført til saman 23 turar til Vakkerstøylen, Tjønnebu og Pyttbua. Ei reduksjon til inntil 20 landingar per år vert vurdert å ligge innanfor eit handlingsrom som framleis gir moglegheit for forsvarleg drift. Løyvet vert gitt for ei avgrensa periode, slik at forvaltninga får betre grunnlag for å vurdere det vidare transportbehovet.

Ved å redusere tal turar, gjennomføre varetransporten mest mogleg konsentrert og med dei vilkår som er gitt, synes belastninga for verneverdiane å vera akseptable.



Arkivsaksnummer: 2025/13583-3

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	30/2026	11.06.2026

Vermedalen NR - dispensasjon - 2026 - rydding av sti - Andrine Kylling

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Vermedalen naturreservat får Andrine Kylling og Dag Furberg Fjeld dispensasjon til å rydde stien som går frå nordsida av inntakstdammen til verma kraftverk og langs den gamle traktorvegen som går nordvest.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal berre ryddast ei smal gate på inntil 1,5 meter langs opphavleg trasé.
- Det skal berre ryddast små lauvtre og gran.
- Større tre og eldre furuskog eller daude trær skal ikkje flyttast eller hoggast.
- Ved bruk av motorsag til rydding skal ikkje denne nyttast før i august månad av omsyn til hekkande fuglar.
- Restar frå ryddinga skal leggjast spreidd langs stien. Det skal ryddast slik at det ser naturleg og urørt ut etter ryddinga.
- Tiltaket skal ikkje medføre terrenginngrep eller utbetring av stien utover enkel rydding.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Verneforskrift for Vermedalen naturreservat

Søknad på e-post 27.11.2025.

Saksopplysningar

Søknaden om rydding av stitråse kom i november 2025, men forvaltar varsla då søkjar om at saka ville ikkje bli vurdert før snøen var reist og det var blitt tatt ei synfaring. 04.06.2026 fekk forvaltar med seg biolog og naturveileder ved beøkssenteret for Reinheimen på ei synfaring langs traseen saman med søkjar.

Søknaden

Søknad om rydding av småskog på sti i Vermedalen naturreservat

Søker med dette om tillatelse til å rydde småskog i traseen til sti/ tidligere traktorveg i Vermedalen naturreservat i henhold til forskrift om fredning av Vermedalen som naturreservat VI nr. 2: Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til: 2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Vedlikehald av kulturminne.

Tiltaket

For å komme til nordsiden av elva Verma i Vermedalen er det mulig å krysse elva på en bru rett nedstrøms demningen til Verma kraftverk. Fra der går det en gjengrodd sti/ tidligere traktorveg mot nordvest, parallelt med elva Verma. Det søkes om tillatelse til å rydde små løvtrær og noen grantrær (se vedlagte bilder). Stien er tydelig i terrenget i trase merket på kartet i vedlegget. Rydding vil kun skje i denne traseen, og vil trolig gjennomføres etappevis.

Begrunnelse

Vi kjøpte hytte i Vermedalen 1. januar 2025 (gbnr. 72/20), hovedadkomst er på veg som starter på Sletta og går på nordsiden av Vermedalen. Stien fra dammen er et fint alternativ både sommer og vinter. Spesielt ved besøk er dette praktisk, da vegen på den siden er åpen, i motsetning til vegen på nordsiden av Vermedalen som er låst. Stien er i dag såpass gjengrodd at det er utfordrende å ta seg frem, spesielt med ski og pulk. Vi ser at stien også er en del brukt av andre både sommer og vinter, så flere vil dra nytte av tiltaket.

Så lenge det bare er små løvtrær og gran som ryddes vurderes det at tiltaket ikke vil være i strid med formålet med fredninga iht. forskriften punkt III: Formålet med fredninga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at furuskogområdet er lite rørt og har stor plantegeografisk interesse.

Grunneier Ingulf Sletta er informert om tiltaket og har ingen innvendinger til at stien blir ryddet så lenge tillatelse er gitt.



Bilete 3: Stien går langs ein gjengrodd traktorveg (1) og det er meir etablert og sårbar natur (2) ved siden av den gamle traktorvegen. Slik sett er det bra om stien blir opna, slik at turgåarar held seg til traktorvegen og ikkje ved sidan av.



Bilete 4: Traseen var grundig undersøkt av biolog Espen Sommer.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at furuskogområdet er lite rørt og har stor plantegeografisk interesse.

§ 4

Punkt 1.

Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging.

Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet.

Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre er ikkje tillate.

§ 6, punk 2.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- 2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Vedlikehald av kulturminne.*

Forvaltningsplan

Det ligg ikkje føre eigen forvaltningsplan med særskilde føringar for dette tiltaket. Generelle retningslinjer for skjøtsel og inngrep i naturreservatet legg vekt på å unngå tiltak som kan påverke naturtilstanden eller økosystemet negativt.

Naturmangfaldlova

Ved vurdering av saka er prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 lagt til grunn.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilstrekkeleg for å kunne ta avgjerd i saka. Tiltaket omfattar rydding av mindre tre langs ein eksisterande ferdselsveg, og vil ha avgrensa påverknad på naturmiljøet.

Føre-var-prinsippet (§ 9) er tillagt avgrensa vekt, då tiltaket er lite og godt avgrensa.

Samla belastning på økosystemet (§ 10) er vurdert som låg, då tiltaket gjeld eit avgrensa område og ikkje fører til nye inngrep.

Tiltaket medfører ikkje varig skade på naturmangfaldet, og kostnadene ved eventuell miljøforringing (§ 11) og bruk av miljøforsvarlege teknikkar (§ 12) er ivaretekne gjennom vilkåra.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Søknaden gjeld rydding av småskog langs ein eksisterande sti/tidlegare traktorveg i Vermedalen naturreservat. Tiltaket er avgrensa til fjerning av mindre tre i ein tydeleg trasé, utan terrenginngrep eller utviding av eksisterande ferdsselsveg.

Etter verneforskrifta for Vermedalen naturreservat § 4 er vegetasjon generelt verna mot skade og øydelegging. Samstundes opnar § 6 punkt 2 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og ferdsselsvegar.

Stien som det blir søkt om å rydde, er ein eksisterande trasé som framleis er synleg i terrenget og i bruk. Tiltaket fell dermed innanfor ramma av kva det kan gjevast løyve til etter forskrifta.

Rydding av mindre lauvtre og gran langs stien vil kunne gjere ferdsla enklare utan at dette i vesentleg grad påverkar verneverdiane. Særleg viktig er det at større og eldre furuskog og daude trær som er ein del av verneformålet, ikkje blir påverka.

Det vart gjennomført synfaring i området- 04.06 med biolog ansatt ved besøkssenteret for Reinheimen nasjonalpark. Biologen var samd med forvaltar i at rydding av små lauvtrær og gran i traseen ikkje vil skade verneverdiane. Det vart observert raudlista artar i skogen ved sidan av stien men ikkje i den aktuelle stitraseen som skal ryddast. Det er positivt om små granskudd blir rydda, då dette er ein fremmed art som sannsynlegvis er spreidd frå eit plantefelt like nedanfor reservatet.

Ved vurdering av saka er prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12 lagt til grunn:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilstrekkeleg, basert på synfaring og kjennskap til området. Det ligg ikkje føre registreringar som tilseier at tiltaket vil påverke særleg sårbare naturverdiar.

Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er difor ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet». Den samla belastninga på økosystemet (§ 10) er vurdert som låg. Tiltaket gjeld eit avgrensa areal og vil ikkje endre naturtilstanden i området i nemneverdig grad.

Kostnadene ved miljøforringing (§ 11) vert ikkje vurdert som relevante i denne saka, då tiltaket ikkje er venta å medføre skade på naturmangfaldet.

Prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar (§ 12) er ivareteke gjennom vilkår om skånsam, manuell rydding utan terrenginngrep.

Med dei vilkåra som er sette, er tiltaket vurdert å ha liten påverknad på naturmiljøet og vere i tråd med verneformålet.



Arkivsaksnummer: 2026/6578-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	31/2026	11.06.2026

Ottadalen LVO - Lom - Søre Lia - 2026 - taksering av rype - Lom fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Lom fjellstyre dispensasjon til å takserer lirype innafor Ottadalen landskapsvernområde.

Dispensasjon til lirypetaksering innafor verneområda er gjeve med følgjande vilkår:

- Takseringa kan gjennomførast i løpet av ein til to dagar i perioda 01.08 - 20.08.2026.
- Hundeeigarane som deltek, må dokumentere at hundane som blir brukt under takseringa har aversjonsdressur for sau, og godkjent kurs i taksering for bruk av «*Distance sampling*.»
- Det kan ikkje slippast meir enn 2 hundar om gongen langs kvar takseringsline.
- Kvar hund skal følgjast opp av ein hundeførar under takseringa.
- Hundeførar skal handtere/føre hunden så den ikkje er til unødig sjenanse eller skade for vilt, bufe og anna dyreliv. Takseringa skal ikkje gjennomførast dersom det er stor tettleik av bufe eller vilt i området.
- Dispensasjon gjeld berre for takseringsliner i det omsøkte område, jf. markering på kart i søknaden.
- Dei som organiserer takseringa må kontakte SNO-Reinheimen på sms v/, Per Olav Haugen (tlf: 970 57 213) eller Thomas Rødstøl (tlf.: 915 47 617), i forkant av takseringa, for å skaffe informasjon om villreinen. Dersom det er villrein i området, eller på synleg avstand skal takseringa avbrytas.
- Rapport om resultatet av takseringa skal sendast til nasjonalparkstyret for Reinheimen etter gjennomført taksering, på e-post: sfinpost@statsforvalteren.no

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Lom fjellstyre, 26.05.2026
- Kartskisse takseringsliner

Saksopplysningar

Søknaden

Lom fjellstyre søker om dispensasjon til å gjennomføre lirypetaksering i Søre Lia i Lom innafor Ottadalen landskapsvernområde.

I søknaden står følgjende:


«Takseringa skal generelt gjennomførast mellom 1. august - 20. august, men tar sikte på å gjennomføre lirypetakseringa i løpet av ein eller to dag(ar) i perioda frå 5.-18. august. Lom fjellstyre har søkt Lom kommune om dispensasjon frå dei kommunale bestemmelsane om bandtvang i perioda 01.-20. august 2026.

Overvåkinga av hønsefugl er basert på «Distance sampling»- eller avstandsmetoden. Når takseringane er gjennomførte, vil desse data analyserast og ein rapport vert sendt til rettighetshavar. Analysejobben er for tida fordelt mellom forskarar ved NINA og INN(Høgskulen i Innlandet). I desse rapportane fokuserast det på tre variablar: - Tettheit av fugl (antall fugl pr. kvadratkilometer) - Tettheit av vaksne fuglar (antall pr. kvadratkilometer) - Årets kyllingproduksjon (målt som antall kyllingar pr. par for rype, og antall kyllinger pr. høne for skogsfuglartene).

Andre område det er planlagt gjennomført taksering er i Sålell, Veodalen, Leiråsen, Mytingsfjellet og i Netoseterfjellet - som til saman utgjør over 80km med takseringslinjer i relativt ulendt terreng. Dette utløyser ein del krav til mannskap. Fjellstyre vil benytte seg av taksørar som har vore med før, og fortsetter samarbeidet med Gudbrandsdal fuglehundklubb (GFHK).

Det er sett krav om at hundane har gjennomført og fått godkjent aversjonsdressur for sau samt gjennomført og fått godkjent kurs i taksering og bruk av Distance sampling. Det skal alltid vere to saman som takserer ei linje, ein hundeførar og ein observatør. I Lia er det planlagt seks linjer, som utløyser to personar og to hundar.

Om det vert observert villrein i området, vert takseringa avbrote og/eller ikkje gjennomført.»



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit stort samanhengande villmarksprega fjellområde, og eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald.

Leveområdet til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen er eit sentralt verneformål i heile Reinheimenområdet. Ålmenta skal også kunne ha tilgang til naturopplevingar gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Verneforskrift for Ottadalen lvo, jf. § 3, har følgjande reglar om ferdsel:

«4.1. Generelt om ferdsel

All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet må ikkje forstyrrest.

Det er ikkje retningslinjer om bandtvang i verneforskriftene for Ottadalen landskapsvernområde. Reglar om bandtvang går fram av hundelova §§ 4, 6 og 7.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Reinheimen er det ikkje teke høgde for aktivitetar som gjeld rypetaksering med bruk av lause hundar. Vernereglane for Ottadalen landskapsvernområde har ikkje retningslinjer for aktivitet / ferdsel i samband med rypetaksering og bruk av hundar. Av omsyn til dyrelivet, både villrein og rype, må søknaden behandlast som unntak frå verneforskriftene, jf. naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak).

Naturmangfaldlova

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. Naturmangfaldlova § 48 fyrste alternativ dekkjer forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet.

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningslinjer i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova § 7 om miljørettslege prinsipp, jf. § 8 kunnskapsgrunnlag, § 9 føre-var prinsippet, § 10 samlet belastning på økosystemet, § 11 kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt § 12 miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.


Vurdering

Formålet med taksering av ryper med fuglehundar, er fyrst og fremst for å få kunnskap om storleiken på rypebestandane frå år til år, og kor mange ryper som kan skytast kvar haust utan at det går for mykje ut over bestandane.

Vernereglane innafor Reinheimen området er ikkje til hinder for utøving av jakt på rype, og taksering av rypebestandane og fastsetting av kvoter for kor mange ryper jegerane kan skyte f.eks. pr. dag, bidreg til å ta vare på rypebestandane og økosystemet som rypene er ein del av. Taksering av rypebestandane er med andre ord ein metode for å forvalte rypebestandane på en fornuftig måte. Både fjellstyre og forvaltninga vil ha interesse av kunnskap om rypebestand og at den blir forvalta best mogleg. Resultat av teljingane kan både gje kunnskap om rypebestanden men også indirekte om den generelle stoda for t.d.

smågnagarar. Taksering av rype med fuglehundar er dermed ikkje i strid med verneformålet for Ottadalen landskapsvernområde.

På ei anna side kan slike undersøkingar føre med seg ulemper knytt til ferdsel og forstyrning. I Ottadalen landskapsvernområda er dyrelivet verna mot skade og unødige uro, og all ferdsel skal skje på ein måte som tek omsyn til dyrelivet. For at dyrelivet ikkje skal bli unødige forstyrre, bør både taksering av rypebestandane, fuglehundeprøver og rypejakt ha et fornuftig omfang. Området som skal takserast er i leveområde for villrein, som vist på kartet under. Det er særleg kalvings- og oppvekstperioden i mai-juni som er mest sårbar, men det er villrein i området heile året, og ein kan møte på villrein her også på hausten. For å unngå konflikter med villrein er det viktig at dei som takserer tek kontakt med SNO i forkant av takseringa for å skaffe informasjon kor det er villrein.



Kunnskapsgrunnlaget jf. Nml § 8 er vurdert som tilstrekkeleg. Det er tilstrekkelig kunnskap om villreinen sin bruk gjennom fagrapportar (NINA), kvalitetsnormarbeidet og scenarionalyser i 2024. Vilkår for dispensasjon vil også kunne avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.

Påverkinga av økosystemet skal også vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet blir utsett for, jf. § 10. Taksering av rypebestandane med godkjente hundar med «aversjonsdressur» for sau, i området og i det omfanget som det er søkt om, kan saman med anna ferdsel, haustjakt på rype og villreinjakt, forstyrre dyrelivet i for stor grad og påføre økosystemet for stor samla belastning, jf. § 10. Utifrå kunnskap om bruken av områda og at lirypetakseringa er stuttvarig og forbigåande på den minst sårbare tida av året, blir den samla belastninga innafor verneområda vurdert å vera akseptabel. Det er ikkje nødvendig å nytte føre-var-prinsippet i Nml § 9 i dette tilfelle.

I denne saka er det ikkje nødvendig å vurdere om søkjar skal dekke kostnadane med å hindre eller begrense eventuell skade på naturmangfaldet som aktivitetane fører med seg, jf. Nml § 11, og om det blir nytta tilstrekkelege miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder, jf. Nml § 12.

Omfanget av takseringa må også vurderast i samanheng med liknande aktivitetar kring heile Reinheimenområdet. Utifrå ei samla vurdering meiner forvaltar at tiltaket kan gjennomførast innanfor den ramma som er fastsett i vilkår i vedtaket.



Arkivsaksnummer: 2026/6388-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	32/2026	11.06.2026

Høyringsinnspel - Fjord - Fetegga pumpestasjon - Tafjordvassdraget - Tafjord Kraftproduksjon AS

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i § 49 i naturmangfaldlova vil Nasjonalparkstyret for Reinheimen kome med følgjande innspel til søknad om Fetegga pumpestasjon som ligg i Reinheimen – Breheimen villreinområde:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein.

Villrein har ein svært godt utvikla luktesans og kan oppdage menneske og forstyrningar på fleire kilometers avstand, ofte opptil 2–3 km under gunstige vêr- og vindforhold. Anlegget ligg, jf. Naturbase, i område definert som sommar- og haustbeite for villrein, og berre om lag 1 km sør for planlagt anlegg går grensa for kalvingsområde.

I søknaden til Tafjord Kraft står det at *Villreinstammen i Reinheimen er robust, har aner tilbake til tamreindrift som vart avvikla på -60 talet og kan opptre ganske nær folk*, og så vises det til eit bilete av reinsbukkar på leiting etter friskt vårbeite ved kraftstasjon Tafjord 7, under bygging, i juni 2007. I følgje sekretær for Reinheimen – Breheimen villreinutval og Statens naturoppsyn i Reinheimen, er villreinen i dag ein god del meir sky enn den var i 2007. Det er dessutan ein kjent sak at bukkane (særlig om våren) kan oppfattes som mindre sky og skvetne enn simlane. Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet. Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifult for villrein i framtida.

Styret meiner at konsekvensutgreiinga frå Rådgivende Biologer AS (2018) legg til grunn eit for avgrensa influensområde for villrein. Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk.

Nasjonalparkstyret ønskjer å minne om dei nasjonale måla for villreinforvaltninga, der ein legg opp til ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Dette inneber ein høg terskel for nye inngrep i villreinens leveområde, jf. Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024) og kvalitetsnorma for villrein (forskrift 23. juni 2020 nr. 1298).

Styret oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Miljøforvaltningens innsigelsespraksis (T-2/16 - revisjon mai 2025 (presisert desember 2025))
- FETEGGA PUMPESTASJON Søknad om konsesjon, 2026
- Høyringsfråsegn Villreinnemda for Reinheimen - Breheimen

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet - -

- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart

ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv

ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjer eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplan

Hovudmålet med vernet er å ta vare på villreinen sine leveområde. Villreinen er derfor eit av hovudverneformåla i alle verneområda i Reinheimenområdet.

Naturmangfaldlova

§ 49. (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde)

Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter [§ 6](#).

Vurdering

Sjølv om tiltaket ligg utanfor verneområde, ligg det innanfor Reinheimen–Breheimen villreinområde, og kan slik få verknad for verneverdiane i tilgrensande verneområde. Etter naturmangfaldlova § 49 skal omsynet til verneverdiane tilleggjast vekt ved vurdering av tiltak etter anna lovverk.

Villrein er eit av hovudverneformåla i verneområda i Reinheimen, og det er eit overordna mål å sikre samanhengande leveområde med minst mogleg grad av tekniske inngrep og forstyrring. Tiltaket ligg i randsona av viktige funksjonsområde, og slike område har særleg betydning for å oppretthalde fleksibilitet i arealbruken til villreinen.


Villrein nyttar areal dynamisk, og også område med lågare registrert bruk kan vere avgjerande i periodar, til dømes ved klimatiske variasjonar eller aukande forstyrring i andre delar av leveområdet.

Tekniske inngrep som pumpestasjon, reguleringshøgde av Reindalsvatnet på 60 cm, tilhøyrande anleggsarbeid og auka ferdsel, vil kunne føre til både direkte arealbeslag og indirekte effektar i form av unnvikingsåtfærd. Slike effektar kan påverke eit større område enn sjølve tiltaket, og bidra til fragmentering av leveområdet.

Forvalter synes ikkje konsekvensutgreiinga fangar opp denne typen effektar, samt framtidig bruk av området. I konsekvensutgreiinga har området kun fått middels verdi for villrein: *Influensområdet består av urørt natur og har betydning for både flora og fauna. Siden landarealene er barmarksbeite for villrein får det middels verdi* (Rapport 4223- Rådgivende biologer AS). Etter føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 bør usikkerheit tilleggjast vekt.

Vidare bør tiltaket vurderast opp mot den samla belastninga på villreinområdet, jf. naturmangfaldlova § 10. Villreinområda er allereie påverka av tekniske inngrep og ferdsel, og ytterlegare inngrep i randsoner kan bidra til å svekke funksjonaliteten i leveområda.

Samla sett vurderer nasjonalparkstyret at tiltaket kan ha negative konsekvensar for villrein, og at desse ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden.



Kartet viser kalvings- og oppvekstområder og viktige vårbeiter for bukk i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Rosa område viser eit historisk et kjent kalvingsområde som har stått ubrukt i noen år fram til seinare tid. Raud ring ved pumpehus.